

Likevel utvida skjenketid også i Uskedalen?

19.06.2010

Formannskapet gav To søstre på Husnes utvida skjenketid med knappast mogeleg fleirtal, og mot åtvaring frå lensmannen.

Men Vertshuset i Uskedalen fekk det ikkje av rådmannen, etter den same åtvaringa av lensmannen.



Etter det som er skjedd er allereie neste søknad levert. Også Capri ynskjer å servera ein time lenger.

Magne Huglen - søker han likevel om utvida skjenketid?

Dei skriv i søknaden at marginane i utelivsbransjen er svært små og at det ville vera uheldig om kommunen skulle gje fordel til einskilde aktørar rett før sommarsesongen. Det meiner å ha same konsept som To søstre og bed kommunen ikkje driva usakleg forskjellsbehandling.

Dei fleste verksemndene som driv skjenking av alkohol vil no søkja om utvida skjenketid. Det gjeld til dømes også Pub No. 13 på Halsnøy og Spiskammerset i Rosendal og også Vertshuset. Morten Nilsen opplyser til uskedalen.no at han vil freista med ein ny søknad.

Magne Huglen på Dønhaug Gjestegard er i utgangspunktet heilt i mot at kommunen skal ha lengre skjenketid enn til klokka 01 og han meiner kommunen burde ha teke bransjen med på råd. Grenda spør om han kjem til å søkja om utvida skjenketid og svaret er slik:

- Eg har ikkje lyst, men slik kommunen legg opp til no blir eg kanskje tvungen til å fylgja dei andre. Dei som meiner me kjem til å tena meir pengar dersom skjenketidene vert utvida, veit ikkje kva dei snakkar om. Dette kjem berre til å resultera i at gjestene sit heime og skjenkar seg enda lengre før dei går ut. Dermed er mange av dei såpass påverka at me ikkje kan skjenka dei meir. Det tener me jo ingenting på.

Av Ola Matti Mathisen